

# **Japanlerk og hybridlerk – planta og spreidd i Møre og Romsdal**



**Naturvernforbundet  
i Møre og Romsdal**

## Innleiing

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal har gjennom nokre år arbeidd med registreringar av korleis utanlandske treslag spreier seg i fylket. Vi oppdaga då at det er brukt både japanlerk og hybridlerk i fylket, utan at nokon har særleg kunnskap om kva som har skjedd vidare. Når vi har undersøkt kva som står om desse treslaga i samband med svartelistevurderingar, ser vi at det er heller ikkje stort. Om artar finst, så ligg det belegg i eit eller anna museum. For japanlerk og hybridlerk ligg det i grunnen lite i musea, og då er konklusjonen at då finst dei ikkje der ute heller. Årsaka til mangelen av belegg er vel i grunnen ganske klar: Kven interesserer seg vel for innførte artar? Det er jo mykje meir interessant med orkidéar og raudlisteartar. Dei innførte artane er tre som ein treng halvannan meter av for å få med seg fem årgangar av kvist. Når ein veit at dette er flatt og tørka, så kan det ikkje festast på eit A4-ark, men treng ein heil papirsekk. Så ligg kvisten og ein haug med nåler i sekken. Det er gjerne ikkje så rart at det finst få belegg.

Desse trea spreier seg i alle fall til norsk natur. Det ser ein når ein kjem seg ut i terrenget.

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal søkte Miljødirektoratet om middel til kartlegging av spreiing av japanlerk i Møre og Romsdal, og blei innvilga tilskot til prosjektet «Japanlerk si spreiing i Møre og Romsdal».

Då vi søkte om middel til prosjektet visste vi ikkje om vi kom til å finne japanlerk eller hybridlerk på dei stadene vi hadde fått opplysningar om. Det blei difor lagt opp til at ein skulle kartlegge hybridlerk også viss det viste seg at det ein trudde var japanlerk var hybridlerk. Kva har vi så kartlagt? Rapporten fortel i alle fall at vi har funne hybridlerk som spreier seg til naturen i Møre og Romsdal. Det står også om japanlerk i rapporten, men det viser seg at det kan vere vanskeleg å skilje japanlerk frå hybridlerk som eigenskapsmessig ligg nær japanlerk. Truleg kan det vere vanskeleg å fastslå at ein har japanlerk i det heile utan bruk av DNA-teknologi. Dermed kan det hende at dette er ein rapport om japanlerk, og at framtida fortel at ikkje ein einaste av dei rapporterte små frøspreidde trea, eller dei store som er planta er japanlerk. Men vi veit likevel mykje meir om raudgreina lerk i Møre og Romsdal enn for nokre månader sidan.

Både undersøkingane i marka og rapportskrivinga er utført av Øystein Folden.

Tingvoll, den 13.11.2016

Øystein Folden

## Innhald

Innleiing .....	2
Lerk – japanlerk .....	3
Bruken av japanlerk/hybridlerk i Møre og Romsdal .....	5
Førekomstar i Møre og Romsdal .....	7
Averøy kommune .....	7
Fræna kommune .....	13
Aukra kommune .....	17
Midsund kommune .....	17
Molde kommune .....	19
Sandøy kommune.....	20
Skadar på småplanter av lerk .....	21
Kjelder .....	22

## Lerk – japanlerk

Det er to artar, europalerk *Larix decidua* og japanlerk *Larix kaempferi*, og ein hybrid, hybridlerk *Larix ×marschlinsii*, av lerk som er planta i noko omfang på Vestlandet. I tillegg er sibirlerk *Larix sibirica* (kompleks) brukt i hovudsak i høgareliggende strok på Austlandet, og i Nord-Noreg.

Japanlerk og hybridlerk har fjarðarkvist som har ein god del raudfarge, og skil seg ved det frå europalerk og sibirlerk.

Det er dermed stort sett greitt å sortere ut sibirlerk og europalerk, og ein står igjen med dei to som har raudlege fjarðargreiner. Skilet mellom japanlerk og hybridlerk er straks meir vidloftig. Hybridlerk er kryssing mellom europalerk og japanlerk, og blir berre oppgitt å ligge mellom dei i karakterar, bortsett frå at nåler på årsskotet kan vere ekstra breie, vesentleg breiare enn foreldreartane.

Etter mange timer i lag med desse artane og hybriden i landskapet, gjer ein seg nokre tankar om at variasjonar innafor artane og hybriden ikkje er så heilt usannsynleg. Hybridlerk kan truleg ha trekk som gjer at treet ligg ganske tett opp mot europalerk. Det gjeld både hengande smågreinar og dessutan kongleform, samtidig som greinane er raude. Likeeins kan toppskotet ha mange sidegreinar, treet kan vere omrent utan hengande smågreinar og kongleforma kan likne mykje på japanlerk, men nålebreidda er 2 mm. I tillegg kan det vere mogleg at vindslit kan føre til at hengande greinar i liten grad blir utvikla, eller dei bles bort, slik at førsteinntrykket på avstand liknar veldig på japanlerk.

Dei mest ekstreme utbreuttingane av kongleskjela og fullstendig fråvere av hengande greinar er truleg dei sikraste kjenneteikna for japanlerk. Nålebreidda på 1,9 mm eller i overkant, er truleg ein god indikasjon på at ein har hybridlerk. At nålebreidda på nye skot ligg på kring 1,3 mm kan vere typisk nok for japanlerk, men det er mykje mogleg at hybridlerk som har dårlege veksttilhøve kan utvikle nåler som er såpass smale. Når eit tre år gammalt tre er nærmere to meter, og siste årsskotet er meir enn 75 cm, då er det helst hybridlerk, men dei som er kortare i skotet kan vere kva som helst. Dermed blir det ein del tre som ein kan vere i tvil om, og småtre utan konglar eller for små til utvikling av hangande smågreinar kan vere endå vanskelegare. Det er ganske opplagt at ein kan gjere feil ved vurdering av art/hybrid.

Hybridlerk og japanlerk har vore brukt på omlag same måten. Det er ikkje alltid at det er spesifisert art/hybrid som skulle brukast i leplantingane. Dessutan har det nok vore praksis at planteskulane har levert den andre om dei har hatt for lite av den som har vore tinga. Kommunane veit såleis ofte ikkje kva som er planta. Det er også praktisert samplanting, ved at ein i hovudsak har planta sitkagran/lutzgran og furuartar, med nokre få planter av lerk i smågrupper eller som enkelttre innimellom. Viss det har vore planta i fleire omgangar, kan det såleis også vere ei blanding. Til sist kan det vere at det ikkje alltid har vore heilt reint frø i planteskulane, så det kan ha kome med ein og annan av dei andre i leveringa. Tilbakekryssing med foreldreartane er moglegvis også ei forklaring, utan at ein veit at dette skjer. Det gjer at det er mogleg at ein finn alle artane/hybridene i leplantingane. Det som finst spreidd i terrenget elles kan ha fleire opphav, då lerk også har vore brukt som tuntre og stundom i andre plantingar, og dermed finst det mange mogleheter.

Sjølv om mykje er uklart, er i alle fall ein ting klart. Anten japanlerk eller hybridlerk eller både spreier seg i norsk natur i betydeleg grad. Det er moglegvis ein forskjell ved at japanlerk i liten grad spreier seg til område med rein torvjord, også jord som ligg svart. Hybridlerk spreier seg moglegvis i mindre grad i område dominert av bart fjell. Japanlerk treng truleg ikkje meir enn 10-15 år før mange av trea set konglar. Det er konglesetting ganske ofte i tillegg, kanskje nesten årleg. Dermed er det truleg frø som kan spire når andre tilhøve er i orden for at dei skal kunne etablere seg.



Figur 1. Med så mange hengande smågreinar skal dette umogleg vere japanlerk. Men når ein ser på forma på kongleskjela, så er dette typisk japanlerk. Forklaringsa må vere at hybridlerk kan ligge på heile skalaen mellom europalerk og japanlerk på fleire karakterar uavhengig av kvarandre. Altså at dette er hybridlerk, med smågreinkarakter tett opp til europalerk og kongleskjelkarakter tett opp til japanlerk. Frå Måshaugen sør for Gjerdet.



**Figur 2. Greinar utan smågreinar, slik japanlerk skal vere på sitt mest typiske. Men konglane er mykje meir intermediære.**  
Frå Måshaugen sør for Gjerdet.

Både japanlerk og hybridlerk er utsett for feieskader av hjortedyr og vinduttørking. Men treet overlever oftast, sjølv om toppen tørkar. Etter få år får dei opp skot som etablerer treet, og så set det i alle fall konglar om det ikkje blir nokon fin tømmerstokk.

I denne rapporten finst det registreringar frå Averøy, Fræna, Aukra, Midsund, Molde og Sandøy kommunar. Områda som er undersøkt har førekomstar av lerk. Store område er ikkje undersøkt, og ein veit heller ikkje om det er lerk der. Alle registreringane er lagt inn i [www.artsobservasjoner.no](http://www.artsobservasjoner.no) saman med eit betydeleg tal observasjonar av andre artar i dei same områda.

## Bruken av japanlerk/hybridlerk i Møre og Romsdal

Naturvernforbundet sendte 4.5.2014 ut førespurnad til kystkommunane i Møre og Romsdal:

*«Naturvernforbundet ønskjer å gjere seg betre kjent med bruken av japanlerk i Møre og Romsdal. Difor ber vi om å få opplyst om japanlerk er brukt i skogbruksamanheng eller til leplanting i dykkar kommune.*

*Viss japanlerk er brukt, ønskjer vi å få opplyst litt nærrare lokalitetar treslaget er brukta på og kva tid det blei planta. Viss det er tale om mange lokalitetar, er det dei eldste lokalitetane som er mest interessante. Då er det viktigare for oss å få greie på lat oss seie dei 10 eldste lokalitetane i løpet av relativt kort svartid framfor at vi får ei komplett liste.*

*Det kan bli aktuelt å oppsøke nokre slike lokalitetar. Viss skildringa av kor lokalitetane er hen er for grov, kan vi heller ta kontakt igjen, slik at vi får klarlagt det som trengst.*

*Det er enklast for oss om vi får svar i digital form til [moreromsdal@naturvernforbundet.no](mailto:moreromsdal@naturvernforbundet.no)*

*Vi viser til miljøinformasjonsloven når det gjeld retten til denne typen informasjon.»*

Dei fleste kommunane svara. Averøy og Midsund svara at dei hadde planta lerk, Fræna og Eide var usikre og resten svara at dei ikkje hadde brukt lerk eller visste ikkje. For Smøla fekk ein opplysningar på annan måte. I etterkant har Naturvernforbundet sjekka noko av dette nærrare.

Frå Nils Edvin Sanden i Midsund kokmmune fekk vi 6.5.2014 følgjande etter førespurnad:

«*Det vart planta lerk i lebelta i Midsund. Eit lebelte i Ugelvika på utsida av Otrøya inneheld ein stor del lerk. Lebeltet vart planta i 1967. Eg har teke kontakt med Jørgen Raknes som leia den kommunale leplantinga.*

*Han var ikkje sikker på om det var japansk lerk eller hybridlerk. Eg var ansvarleg for leplantinga på Smøla på slutten av 70-talet. Det vart då opplyst at lerka vi planta var hybridlerk.»*

I Fræna blei det gjort funn som vi ville spørje meir om.

«*Eg har vore ein runde i felt på jakt etter japanlerk, og fann nok ein førekomst på eigedomen Solheim, adresse Stavikvegen 288. Eg lurar difor på om det finst noko om når lebelta blei planta i det området, og kva område som blei planta samtidig. Eg treng ikkje noko detaljert, men ein "flekk" eller eit rektangel på gislink eller noko vil vere hjelp.»*

Frå Trygve Siira og Jermund Vågen i Fræna kommune var reaksjonen:

«*Hva pokker gjør vi med dette??»*

Etter kvart kom det noko meir:

«*Vet at det er noe lerk i leplantingselta i Stavika fra denne tida men ikke hvilken type. Felta var nok planta rundt 1970. Mulig at det er noen registreringer i arkivet her.»*

Dag Bjerkestrand, Averøy kommune, 23.2.2016:

«*Det vises til deres brev datert 20.januar 2016 vedrørende spørsmål om lokaliteter av japanlerk i Averøy kommune. I brevet blir det etterspurt å få opplyst 3-4 av de aktuelle områdene det er plantet japanlerk referert som stedsnavn.*

*Jeg har sett over de kartene vi har over hvor leplantingene er inntegnet. På kartene er det angitt hvilket år plantingene er utført og inntegnet i kartet i hvilket område det er plantet. Jeg kan derimot ikke finne noen opplysninger om hvilke treslag som er brukt.*

*Svaret på din henvendelse er derfor at vi ikke kan finne inntegnet i kart hvor japanlerken er plantet. På grunn av stor arbeidsmengde kan ikke Averøy kommune utføre noe feltarbeid for å samle inn de opplysningsene som etterspørres.»*

I Landbruksplan for Averøy 2008 – 2011 fann vi:

#### Le- og miljøplantinger

Leplantingen i Averøy startet i 1978 og ble avsluttet i 1989. Statskonsulenten i leplanting utarbeidet planen for leplanting. Leplantingsfeltene strekker seg fra Sveggen/Øksenvågen i nord

til Stene/Rånes i sør. Det ble tilplantet i underkant av 4000 dekar og det ble plantet totalt 672 000 planter, fordelt på 292 000 sitkagran, 361 000 bergfuru, 10 000 dvergbergfuru og 9000 lerk. Det ble inngått 20-årige tinglyste kontrakter mellom kommunen og grunneierne, og alle felt ble inntegnet på 1:5000 kart.

Nils Bjørn Venås, Molde kommune:

*«Jeg har gått inn i gamle papirer og funnet ut at det er plantet lerk på Moldegård sin eiendom fra 1951 til 1955. I 1951 ser jeg at det står at det er Japansk lerk som er brukt men for de andre åra er det ikke spesifisert.*

*Når det gjelder hogstfeltet fra 2004 så er det plantet i 2005 med furu og lavlandsbjørk.»*

Som ein ser av dei ulike tilbakemeldingane er det variabelt kva kunnskap som finst. Den kunnskapen som finst er oftast bortstua i fjernlager, og dei som steller med denne typen saker er nok ikkje veldig opptatt av temaet.

## Førekomstar i Møre og Romsdal

I løpet av 2016 er ein del stader besøkt for å sjå nærmare på førekomstar av mogleg japanlerk, for å finne ut om dette er japanlerk, og kartlegge planting/frøspreiing. I samband med desse besøka har ein sett etter andre førekomstar, og slike har også vore oppsøkt. Nedanfor følgjer ein gjennomgang av ulike lokalitetar ordna kommunevis.

### Averøy kommune

**Averøy kommune, Sveggen og Sveggøya, 22.6.2016**

I dette området er det både plantefelt i striper og i større flater. Det er planta blandingar av japanlerk, vrifuru, bergfuru, sitkagran/lutzgran og gran, men kvart treslag har litt arealstorleik på kvar plass. Heile området har nok vore rekna som kystlynghei, utan at ein kjenner til brennehistoria. Terrenget består av ein mosaikk av ryggar med bart fjell, typisk lynghei og flater med torvmyr og nokre sig.

Nordaust i området har det vore stor anleggsvirksemeld 2006-2009 i samband med vegsystemet til Atlanterhavstunnelen. Det har såleis vore open jord og rotting med massar for nokre år sidan.

Spesielle observasjonar:

Det blei snart klart at det var ganske mykje spreiing frå dei fleste plantingane. Frøspreidde individ inntil ei tre lengde frå opphavet blei difor i liten grad notert, då individ lenger frå var viktigare å få registrert.

Verken på urørt torvjord eller opprota torvjord er det funn av frøspreidd japanlerk, med eitt unnatak. Japanlerk spirar i sprekkar i fjellet og på grus og truleg på godt omdanna jord, men torvjord gir knapt grunnlag for spiring.

Japanlerk som veks på «blanke fjellet» får ofte konglar før dei er halvannan meter høge.



Figur 3. Frøspreidde tre av japanlerk, fiolette punkt, hybridlerk, blå punkt, og europalerk, grøne punkt. Kvite punkt er lerk som er planta. Frå Artskart.

I plantefelt med andre artar finn ein frøspreidd japanlerk på opningar, t.d. der det er fjell i dagen. I myra kan ein også finne japanlerk, t.d. om det stikk opp ein stein.


Japanlerk som står nær skogholte har ofte feieskader, tre som står meir aleine har som oftast ikkje skader eller berre små skader. Det blei funne nokre tre (mindre enn 5) som såg dårlege ut, men det såg ut til å vere som følgje av tørke no i vår. Trea sto i lite jord på blanke fjellet. Tre med feieskade tørkar ofte ut i toppen, men dei nedste greinene utviklar seg vidare. Truleg set dei konglar tidlegare enn det høgda tilseier. Men det blir ein dårleg tømmerstokk nedst.

Heilt i nordvest blei det funne eit frøspreidd tre som hadde så gule skot at det såg ut til å vere europalerk. Eit par frøspreidde tre på Rishaugen verkar også ganske gule i årsskota. Ingen av desse hadde nålebreidde over 1,1 mm. Det er ikkje sett noko mortre for europalerk i området, men det er ikkje meir enn 3 km til Bremsnes, der det har vore europalerk i fleire hundre år. Om det finst tidlegare spreiling frå Bremsnes mellom lokalitetane er vel ikkje klarlagt, men eit besøk på høgdene nordaust for Bremsnes kyrkje stadfesta at europalerka er godt etablert i det området. Det kan vel også vere mogleg at det kan vere europalerk som har vore planta ut med japanlerk eller hybridlerk utilsikta, og at slike tre kan spreie frø.

Eit bestand i sør såg ut til å ha mykje mindre med konglar enn dei andre, og det blei ikkje funne noko spreiling frå dette feltet, sjølv om areala på austsida hadde rikeleg med bart fjell og overgangar som ein har sett japanlerk har spira på elles.



Figur 4. Observasjonene på nordsida av vegen på Sveggøya. Plantefelt er omramma med lys strek.



Figur 5. Observasjonene rundt Rishaugen. Plantefelt er omramma med lys strek. Frå Artsobservasjoner.

### Averøy kommune, Ekkilsøya, 4.9.2016

Nord på øya nær Ekkilsøymyra blei det funne plantefelt med spreiing til areal i nærleiken. Ein del spreiing blei registrert, men det fanst fleire frøspreidde tre enn det som blei lagt inn observasjonar på.

Det fanst også leplanting der det er brukt ein raudgreina lerkeart som sannsynlegvis må vere hybridlerk.




Figur 6. Nede til høgre eit plantefelt, oppe til venstre leplanting.

### Averøy kommune, vest for Vardvatnet, 4.9.2016

Det blei funne lerk i ei leplanting. Nokre tre hadde preg av å vere japanlerk, eller i alle fall å ha karakterar som likna denne, men det fanst også tre med stor nålebreidd, som ein må rekne som hybridlerk. Plantefeltet kan ha hybridlerk med stor variasjon, eller det kan vere tale om ei blanding med både hybridlerk og japanlerk. Nokon sikker konklusjon kan ein moglegvis ikkje dra. Det blei også funne frøspreidde tre, nokre nær ved, andre så langt unna at ein ikkje kan slå fast kvar desse har sitt opphav frå. Nokre av desse hadde nålebreidd som tilseier at dei er hybridlerk.



Figur 7. Leplantinga markert med gule pilar, Vardvatnet i høgre biletkant og vegen mot Atlanterhavstunnelen opp til venstre. Biletet er tatt frå litt aust på høgde merka med 50,5 på kartet nedanfor.



Figur 8. Dei fleste registreringane er knytt til eit leplantingsfelt og nær ved dette, men vi kan sjå at tre andre eigedomar også har registreringar der det er tale om frøspreidde individ av uvisst opphav. Det er ca. 280 meter frå punktet nedst på kartet til plantefeltet, og truleg ikkje andre frøkjelder som er nærmare, men ferdse langs vegen må også rekna som mogleg årsak til spreiing.

### Averøy kommune, Øksenvågen, 16.10.2016

Det blei planta lerk i dette området ein gong på 1970-talet, og då må det vel helst ha vore mellom 1978 og 1980. Ein av dei som planta blei påtreft i eit slikt plantefelt, travelt opptatt med å bære vekk vedstrangar etter at alt blei lagt flatt med motorsag for eit par år sidan. Då det blei planta var det ingen som såg føre seg at desse små plantene skulle bli så store, ifølgje same anonyme informant. Etter hogsten viser det seg at dei også held på å bli mange. Det var mange småplanter å sjå i hogstfeltet. Mesteparten blei vurdert til å vere hybridlerk, men nokre av plantene var svært raude i borken og blågrå i nålefarge, og kan utmerka godt vere japanlerk. Ei av plantene hadde også harpiks på vinterknopp, noko som skal skilje japanlerk frå hybridlerk. Gamle konglar blei funne, og desse blei vurdert til å vere intermediære i kongleskjelforma i alle fall.

Det blei gjort eit par tilfeldige registreringar av lerk i nemnte plantefelt, så ein har området på kartet, og to observasjonar lenger aust. I dette området finst det mykje meir frøspreidd lerk.



Figur 9. Det var mykje hybridlerk (blå) på flata vest for husa og sør for vegen, berre eit par dellokalitetar blei registrert. Japanlerk (fiolett) i dette området er ikkje så lett å forklare. Noko av det som er hogd kan ha vore japanlerk, eller det kan vere ei langdistanesespreiing, utan at ein kan utelukke andre årsakar.

### Averøy kommune, Øksenvågen – Futsetra, 16.10.2016

Langs vegen mellom Futsetra og Øksenvågen blei det elles funne eit plantefelt av hybridlerk. Det var noko spreiling frå dette feltet i veggkant og på knausar nokre titals meter unna. Det blei ikkje registrert meir enn at ein har dokumentasjon for at det er spreiling i området.



Figur 10. Mellom Futsetra og Øksenvågen ligg det eit plantefelt med hybridlerk på sørssida av vegen (Det sørlegaste punktet på kartet), med frøspredde planter rundt om i området, både på rørt og urørt grunn.

## Fræna kommune



Figur 11. I Fræna kommune er det i hovudsak to område ein har undersøkt nærmare, merka med raude punkt.

### **Fræna kommune, Stavik, 22.2.2016, 18.6.2016, 2.7.2016.**

Frå bil observerte vi noko som såg ut som japanlerk, og dette blei nærmere undersøkt. Det blei gått ei rute rundt det dyrka og dyrkbare arealet frå vegen og austover mot gardsbruket Solheim, lengst ned på kartet nedanfor. Punktet i nordausthjørnet og punktet vestafor dette er store tre som er ein del av leplantinga, resten er frøspreidde tre. Det er elles dyrka ein del meir enn det som går fram av flyfotoet. Det finst elles meir lerk på dette arealet, men det var vanskeleg å avgjere om ein del av trea var hybridlerk eller japanlerk, og desse blei i liten grad registrert.

Ved neste besøk, 18.6., i området såg vi over ein del område mellom vegen og sjøen, utan å finne store tre av lerk i leplantingane.

Vidare såg vi over det nordre området på kartet nedanfor. I leplantingane er det planta noko blanding artsmessig, slik at det her og der finst nokre tre av japanlerk saman med mykje sitkagran/lutzgran og ein del vrifuru. Bergfuru er også representert. Nokre av dei fiolette punkta er såleis tre som står i leplantingane og som er planta. Utanfor leplantingane og i kanten av leplantingane finst det ein del japanlerk som har frøspreidd seg. I torvmyra finn ein ikkje japanlerk, men er det spor av mineraljord, nærmast same kva det er elles, så kan ein finne planter av japanlerk. I dette området sto dei største frøspreidde trea på kanalkantar og liknande, der mineraljorda har vore lett tilgjengeleg. Mindre tre sto utover i heia/myra der ein kunne sjå i fjell eller mineraljord. Desse trea hadde ofte ein tørr topp, men dei nedre greinane var frodige. Det kunne sjå ut som dei etablerte seg slik, og at dei på eit tidspunkt truleg kan legge i veg ganske fort i høgda.

Ved besøk 2.7. såg vi over dei midtre delane på kartet nedanfor. Fleire opne område som var stort sett berre torvmark og tidlegare dyrka eng. Fann generelt meir *Picea* og *Pinus* enn *Larix*, men dette speglar truleg langt på veg samansettninga i leelta, der sitkagran/lutzgran dominar. Nokre haugar i torvmarka blei undersøkt spesielt då det der flekkvis var fjell i dagen, men der var det ikkje lerk i det heile.

Langs ei grøft i myra var det i grøftekastet oppslag av japanlerk, sitkagran/lutzgran og furuartar. Japanlerka var i mindretal, men var stort sett dominerande i høgde.



Figur 12. Nedst teigen som først blei besøkt, garden Solheim aust for lebeltet. Midtre del innehold mellom anna ein tidlegare avfalls plass som no ser ut som ei gruslagt flate. På øvre del er det parti av myra som ser lysare ut. Dette er parti som er blauge. Resten av myra her har røsslyng og pors som dominante vegetasjon.



Figur 13. Ved besøket 18.6.2016 såg vi over eit område mellom vegen og sjøen. To posisjonar blei valde ut og ein søkte gjennom høg skog rundt (omramma) med kikkert for å leite opp lerk, utan at ein fann noko.

#### Fræna kommune, Sletteland, 2.7.2016




Figur 14. På Sletteland er det nokre få japanlerk i leplantinga, og nokre som er spreidde til område nær ved. I grustaket som syner som lyst felt nedst på biletet fann ein ikkje lerk i det heile.

Vi fann leplanting med japanlerk. Det var litt spreiling til grøftekant og grøftekast. Elles var det dyrkamark og torvmyr, så det blei ikkje leita etter meir spreiling. Eit massetak ca. 100 meter unna nærmeste plantinga blei undersøkt, sidan spiretilhøva der truleg er gode, men det blei ikkje gjort funn av lerk.

## Aukra kommune

### Aukra kommune, Våthaugen 21.10. og 9.11.2016

I dette området fann ein mykje frøspreidd lerk. Ein del blei vurderte til å vere japanlerk. Fleire store planta tre i området såg ut til å vere hybridlerk. Ein del frøspreidde tre nærmare dei store trea såg også ut til å vere hybridlerk. Det er følgjeleg noko som ikkje er heilt klarlagt når det gjeld lerkeartane i dette området.




Figur 15. Fiolett punkt er frøspreidd japanlerk, fleire tre i ulik høgde. Område med kvit innramming er planta som lebelte, og det er i alle fall noko stor hybridlerk i dette feltet. I område omramma med gult er det også lerk, men uvisst om det er hybridlerk eller japanlerk. Det blå punktet sør for det gule representerer mange mindre, frøspreidde hybridlerk. Rett utanfor høgre kartkant blei det registrert ei japanlerk 9.11.2016.

## Midsund kommune

### Midsund kommune, Midsund, 3.9.2016

Langs vegen i området nord for Midsund sentrum står det nokre tre som har utprega utsjånad i retning av japanlerk. Større tre er truleg planta på eit tidspunkt, men det fanst også små tre som er frøspreidde. I dette området var det vegskråning og anna mark som har vore rota med som hadde mest av frøspreidde tre, men det fanst også i mark med lyngheipreg.



Figur 16. Japanlerk, planta (kvite punkt) og frøspreidde (fiolette punkt) individ, nær Midsund sentrum. Frå Artskart 23.10.2016.


### Midsund kommune, Uglvik, 3.9.2016

Ved Uglvik blei ei leplanting oppsøkt. I denne leplantinga står det lite truleg japanlerk, men det står hybridlerk enkelte stader, og europalerk finst også.

I busetnaden vest for Uglvik finst det også enkelttre som truleg er planta, og mindre tre som truleg er frøspreidde. Nokre av desse er vurdert å vere japanlerk.



Figur 17. I leplantinga nord for Uglvik er det i alle fall hybridlerk planta ut. Lenger vest er det også japanlerk.



Figur 18. Sør for Gjerdet er det leplantingar med hybridlerk og sannsynlegvis japanlerk. Mesteparten av det som er spreidd i terrenget er vurdert å vere hybridlerk, men nokre få individ hadde utprega trekk av japanlerk.

## Molde kommune

**Molde kommune, på vestsida av Moldeelva, 3.9. og 3.10.2016.**

Grunnlaget for å oppsøke området var ei registrering av japanlerk frå 2015. Aust av blokkene i Sollivegen blei det funne nokre store tre som må vere japanlerk eller hybridlerk. Nils Bjørn Venås i Molde kommune opplyssar at det i 1951 blei planta japanlerk i området, og at det etterpå også er planta lerk, men uvisst kva art/hybrid. Konklusjonen er nok at det som er registrert i dette området er hybridlerk som følgje av at eit større tal frøspredde planter har nålebreidde på kring 2 mm. Men det er ganske stor variasjon i fleire karakterar, som greinfarge, sideskot på toppskot, hengande greiner osb. som kan tyde på at hybridlerka har ein stor variasjonsbreidde, kan hende som følgje av ulik innblanding av foreldreartane. Det finst også nokre få tre av europalerk. På baksida av dei førnemnte blokkene såg det i kikkert ut til å stå minst ei stor europalerk. Det finst også lerk på austsida av Moldeelva, ukjent kva art eller om det er hybridlerk.

Nordaust for dei planta lerkene frå 1950-talet blei det i 2004 hogd eit granfelt. Om det kan ha stått lerk i feltet som blei hogd er ikkje kjent, men det må ha vore enkelttre i så fall, og då er det ikkje heilt sannsynleg. Feltet blei i 2005 planta til med furu og låglandsbjørk. På langs av dette feltet, omtrent midt mellom vegen (Thiisløypa) og elva, har det vore ein driftsveg. Langs denne vegen er det store mengder med hybridlerk frå nokre få centimeter til fleire meters høgde. Utanom denne driftsvegen er det ikkje undersøkt nøyne om det er lerk, men det såg ut til å vere langt færre i alle fall. Det er i alle fall heilt klart at hybridlerk her har spreidd seg inn i området som blei hogd. På området var det både tilgang på lys og det var venteleg noko opprota mark, og det er tilstrekkeleg til betydeleg tilslag. Frøa har spreidd seg opptil eit par hundre meter. Ved hogst av neste omlaup, står hybridlerka no på sjølve flata, og vil då ha sleppt konglar i årevis, slik at føresetnadene for seinare spiring vil på det nærmeste vere garantert.

Elles førekjem det ein del hybridlerk i vegskråninga til Thiisløypa. Det finst også småtre i skogen på vestsida av Thiisløypa, sjølv om dette utgjer eit mykje mindre tal.



Figur 19. Japanlerk, fiolett punkt, blei registrert i 2015. Det er berre funne hybridlerk i dette området i 2016. Hybridlerk, blå punkt, og europalerk, grøne punkt. Kvite punkt er tre som er planta. Ved gul pil er det minst ei stor europalerk.

## Sandøy kommune

Sandøy kommune, Harøy kyrkje, 9.11.2016.

Lokaliteten blei oppdaga i samband med anna arbeid, og berre registrert som snarast. Sandøy kommune har ein leplantingsplan, der det i dette området er omtala planting av sitkagran. Lerk er ikkje omtala på denne plassen. Leplantinga har gått føre seg sidan frå seint på 1960-talet, omfatta 66 km leplanting på i alt 1012 dekar innafor kommunen. Ein sjettepart av det som blei planta er nemnt som lerk, utan noko meir om art/hybrid. I tillegg har det vore noko privat planting utanom dette.



Figur 20. Japanlerk som del av leplanting, men det er uvisst om individua som er registrert er planta eller førspreidd, bortsett frå på det nordre punktet der det heilt klart var frøspreidde individ.

## Skadar på småplanter av lerk

I Artsdatabanken si risikovurdering finn vi om japanlerk:

«Den er lyskrevende og har lokalt spredt seg på åpne arealer i nærheten av eksisterende bestand, men det er usikkert hvor mye av dette som bidrar til rekruttering av voksne trær da den er utsatt for viltskader og snøbrekk.»

Når vi har leita opp frøspreidde individ av japanlerk og hybridlerk, har vi også sett ein del etter korleis småtre har vore skadd. I enkelte område har det vore ein del feieskade frå hjortedyr. Vi har også sett andre skader. Det generelle trekket er at toppskot kan brekke eller tørke ut, utan at dei nedste greinkransane blir skadde. Dermed samlar individet næring og står klar til å setje nye toppskot så snart det er tilhøve for det. Vårt inntrykk er difor at slike skader i liten grad reduserer talet på tre som veks opp, men det kan utsetje utviklinga av stamme noko. Det kan elles verke som slike skadde tre set konglar i lågare høgde enn dei andre, så fysisk alder på treet er moglegvis viktigare enn høgdeutvikling. Feieskader og snøbrekk har truleg liten innverknad på spreingsfare i området vi har sett, men det blir mange krokete tømmerstokkar av desse skadane.



Figur 21. Japanlerk med beiteskade. Treet til høgre har ei kongle. Frå Svegen 22.6.2016

## Kjelder

Litteratur:

Lid, J.&Lid, D.T. 2005. Norsk flora, 7. utg. Red. Reidar Elven.

Mitchell, Alan. 1977. Trær i skog og hage.

Hanssen, Even Woldstad. 2014. Fremmede bartrær i norsk natur – hvordan sprer de seg? Behov for kartlegging. Del II lerkeartene Larix og furuartene Pinus. Blyttia 72: 31-36.

Sandøy kommune. Offentleg høyring av skjøtselsplan for leplantingar og gjengroingsskog.

Formannskapssak 12/77 1.10.2012

Nettstader:

<http://databank.artsdatabanken.no/FremmedArt2012/N63763>

<http://docplayer.me/21831462-Landbruksplan-for-averoy.html>

Andre:

Dag Bjerkestrand, Averøy kommune

Nils Bjørn Venås, Molde kommune

Nils Edvin Sanden, Midsund kommune

Trygve Siira, Fræna kommune

Jermund Vågen, Fræna kommune